



Felles formannskapsdag om regionalplan for Sogn

Sogn regionråd er i gang med å utarbeide ein ny regionalplan. Regionalplanen med felles mål, strategiar og tiltak er eit verktøy i Sogn regionråd sitt arbeid med å utvikla regionen.

Vi inviterer til felles arbeids- og drøftingsmøte fredag 4. september 2020.

Tema for møtet: Kva skal til for å få sterkare vekst og utvikling i Sogn? Korleis kan regionalplanen medverke til ei berekraftig samfunnsutvikling? Kva skal vera dei prioriterte satsingane i perioden 2021-2024? Kva kan kommunane samarbeida om og løysa i lag?

I forkant av møtedagen er det lagt opp til at formannskapa drøftar utfordringar og moglegheiter for regionen.

Regional analyse for Sogn frå Telemarksforsking er under arbeid og ligg på denne lenka:

<http://interstats.io:82/rapport/11038/1/1>.

Ferdig analyse vil de finne på denne lenka: <https://regionalanalyse.no/report>

Innspela frå denne dagen vil gje innhald til regionalplanen. Planen blir handsama i regionrådet før den går til høyring og politisk handsaming i kommunane.

Målgruppe: Formannskapsmedlemmar, rådmenn, næringsansvarlege, eksterne aktørar og samarbeidspartar.

Dato: Fredag 4. september 2020

Tid: kl 0930-15

Stad: Quality Hotel Sogndal

Pris: Kr 480 per person for lunsj, pausematbuffet og kaffi/te.

Møtet blir tilrettelagt i samsvar med gjeldande smittevernreglar.

PROGRAM

0900 Registrering og kaffi

0930 Velkomen

Ivar Kvalen, ordførar i Luster kommune, leiar i Sogn regionråd

0940 Regional analyse for Sogn: Kor attraktivt er Sogn? Korleis heng nærings- og folketalsutviklinga saman? Korleis er utsiktene for framtidig vekst?

Knut Vareide, forskar, Telemarksforsking

1025 Pause

- 1045 Sogn regionråd sine prioriterte samferdsletiltak
Arnstein Menes, ordfører i Sogndal kommune, leiar i samferdslegruppa
- 1100 Samarbeid for utvikling - fellesprosjekt og utviklingsarbeid i Sogn:
- System for styrka læring - regionalt program for barnehage- og skuleutvikling
Inger Marie Evjestad, programleiar, Sogn regionråd
 - Sogn for alle - integrering av innvandrarak
Heidi Myrvold, prosjektleiar, Sogn regionråd
 - Fellesprosjekt og samarbeid i næringsnettverket i Sogn
Joakim Systaddal, tenesteleiar for nærings- og samfunnsutvikling, Sogndal kommune
- 1130 Industri i omstilling - rammevilkår og konkurransekraft
Wenche Eldegard, fabrikksejef i Hydro Aluminium AS, Årdal
- 1145 Reiseliv i endring - verknader av covid-19-pandemien. Kva skal til for å lukkast framover?
Ståle Brandshaug, reiselivsdirektør Visit Sognefjord AS
- 1200 Lunsj
- 1300 Kva skal til for å få sterkare vekst og utvikling i Sogn? Korleis medverka til ei berekraftig samfunnsutvikling? Kva skal kommunane samarbeide om i åra som kjem?
Gruppearbeid og innspel i plenum
Harald Husabø, prosessleiar, BDO
- 1430 Avslutning ved leiar i Sogn regionråd
- 1445 Vel heim!